

# Langtidsplan for samlings- forvaltning 2023–2028

Vedteke 2.12.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og  
hjarte til heile landet**

Hovudmål:

*Samlingane våre er registrert og publisert på nett  
Minneintervju og foto dokumenterer samtida*

Suksesskriterium:

*Tal: Del av dei registrerte museumssamlingane som er digitalisert og publisert*

*Tal: Del av arkivsamlingane som er registrert og publisert*

*Tal: Innsamla, transkriberte og publiserte minneintervju*

*Handling: Etablering av teneste og rutinar for dokumentasjonsfoto av frivillige*

*Handling: Vurdert til minst «tilfredsstillande» i Kulturrådet sine  
evalueringarniversell*

Verdiar:

**Samlande  
Kreativ  
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen  
og medvitet om nynorsk  
skriftkultur**

## A Gjennomgang av prioriterte mål

### Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

| Mål og suksesskriterium i strategi | Samlingane våre er registrerte og publiserte på nett  | Del av dei registrerte museums-samlingane som er publisert   | Del av arkiv-samlingane publisert                                     | Minne-intervju transkribert og publisert   |
|------------------------------------|---|--|---|--|
| Presisering og konkretisering      | Museumssamlingane skal verte registrerte og publiserte først. Deretter arkiv, og til slutt bibliotek. | Mål i løpet av perioden er 100 prosent. Med ingen tilvekst vil det vere om lag 90 objekt registrert i månaden. På grunn av restansar bør talet vere ca. 130. | Ingen privatarkiv er tilfredsstillande registrert og publisert i dag. | Det er førebels ikkje publisert nokre minneintervju offentleg eller til forskning.   |
| Prioritert tiltak                  | Digitalisering og publisering av objekt som er utstilt (boksamlingane Aasen og Hauge)                 | Minst 130 objekt blir publisert i Digitalt museum kvar måned.  | Registrere og publisere minst 2 arkiv med arkivnøklar i året.         | Finne løysing for tilfredsstillande publisering og transkribering av minneintervju.<br><br>Transkribere og publisere minneintervju slik at restansane ikkje aukar. |

| Mål og suksesskriterium i strategi | Minneintervju og foto dokumenterer samtida   | Innsamla minneintervju  | Etablere teneste med dokumentasjons-foto av frivillige   |
|------------------------------------|--|---|--|
| Presisering og konkretisering      | Samtidsdokumentasjon gjennom minneintervju og dokumentasjonsfoto er unnateke inntaksstoppen. | For å avgrense opp mot anna arbeid er målet sett til minst 5 intervju i året. | Digital fotodokumentasjon av kvardagsnynorsk er ein viktig metode for å dokumentere bruken av nynorsk i samtida. |
| Prioritert tiltak                  | Samtidsdokumentasjon gjennom minneintervju og dokumentasjonsfoto er unnateke inntaksstoppen. | Gjennomføre minst 5 minneintervju i året.                                     | Etablere teneste for levering av dokumentasjonsfoto.<br><br>Rekruttere frivillige gjennom NMU, NM og NU          |

| Mål og suksesskriterium i strategi | Vurdert til minst tilfredsstillande i alle kategoriar i evalueringa til Kulturrådet  |
|------------------------------------|--|
| Presisering og konkretisering      | Samlingsutvikling: tilvekst i samanheng med progresjon i dokumentasjonstilhøve og oppbevaringstilhøve. Etablering av inntakskomiteé og eventuell restriktiv innsamling eller samarbeid med andre trekkjer inntrykket opp. Innsamling i heilskapleg policy med forskning og formidling trekkjer opp.<br><br>Dokumentasjon blir vurdert etter prosentdelen av samlingane som er tilgjengeleggjort.<br><br>Oppbevaringstilhøve og bevaring blir vurdert ut frå fysiske oppbevaringstilhøve og eiga målrapportering. |
| Prioritert tiltak                  | Innføre samlingsforum (inntakskomiteé)<br>Innføre inntaksstopp (med unntak for samtidsdokumentasjon)   |

## Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgt opp.

| Eksterne krav og signal | Museumsmelding og tilskotsbrev  |
|-------------------------|---|
| Krav                    | Avtalar med rett til prioritering, avhending og tilvekst til samlingane<br>Gjere samlingane tilgjengelege, og sikre at dei vert godt ivaretekne |
| Signal                  | Arbeide med immateriell kulturarv   |
| Prioritert tiltak       | Få på plass klare avtalar med rett til prioritering, avhending og tilvekst for alle samlingar.  |

| ICOM              | Samlingsforvaltning og samlingsutvikling  |  |  |   |
|-------------------|---|--|--|---|
| Hovudutfordring   | XI. Etisk og bærekraftig samlingsforvaltning forutsetter samarbeid om koordinering og prioritering av samlingsutviklingen for å oppnå rasjonell og ressursvarende bevaring. | VII. Museet skal holde samlingene under nøye overvåking for å kunne avgjøre når et objekt trenger konservering eller restaurering og om det er behov for konserveringsekspertise. Alle konserveringstiltak skal dokumenteres og så langt som mulig være reversible | VIII. . Digitale samlinger skal gis samme bevaringsforhold og beskyttelse som materielle samlinger. Museet må undersøke og avdekke trusler i forhold til langtidsbevaring av digitale samlinger, og sikre lagringssystemene godt. Sensitiv informasjon forvaltes innenfor gjeldende og relevant lovgiving. | IX. Museer må etterstrebe at samlingene kan fritt tilgjengeliggjøres for forskning og formidling. Museer må til enhver tid balansere rollen som bevarer og tilgjengeliggjør av samlingene. All tilgjengeliggjøring må være i tråd med gjeldende personvern. Sensitive opplysninger og tilgjengeliggjøring av slik informasjon må alltid vurderes, selv når den er lovlig. |
| Prioritert tiltak | Etablere nasjonal samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur   | Årleg gjennomgang av samlingane og samlingstilhøva saman med eksterne partar   | Etablere rutine for bevaring av digitale samlingar.  | Oppdatere og vedlikehalde rutinane for samlingsforvaltning og samlingsutvikling   |

| ICOM            | Immateriell kulturarv  | Foto, film og lyd   |  |   |  |
|-----------------|--|---|--|---|--|
| Hovudutfordring | Museets samlingsforvaltningsplan skal presisere hvordan museet skal samle inn, dokumentere og videreføre immateriell kulturarv. Det er museet selv som bestemmer hvilke samlinger av kulturelle uttrykk og praksiser det skal prioritere. Dette bør samordnes innenfor det nasjonale museumsnettverket for å sikre mangfold og | Innsamling, dokumentasjon, tilgjengeliggjøring og formidling av foto, film og lyd involverer flere aktører og interessenter: opphavler, avbildet/dokumentert, giver/ involverte, institusjon/arkivar og publikum (allmennhet og forskning). Aktørenes ulike roller og interesser må balanseres i tråd med | Samtykkeerklæring må ligge til grunn for all samtidig innsamling av og opptak med foto, lyd og film. Personer og miljøer som blir dokumentert må involveres i arbeidet for selv å kunne påvirke hvordan de representeres. Ved inngåelse av avtale om bevaring og | Informasjon om bearbeiding og kreditering må følge materialet, også når vernetid er utløpt. | Råmaterialet representerer det autentiske utgangspunktet, og må bevares og dokumenteres, blant annet for fremtidige forskningsformål |

|                   |   |  |   |  |                                     |
|-------------------|---|--|---|--|-------------------------------------|
|                   | representativitet samt unngå unødig overlapping           | gjeldende opphavsrettslige lovverk. Samtidig må museenes særlige ansvar for publikum og en informert offentlighet prioriteres, og åpenhet og tilgjengeliggjøring etterstrebes. | bruk av foto, lyd og film, må formålet og den potensielle bruken av materialet være skriftlig konkretisert og godkjent av de involverte aktørene. Opphavsrettslige forhold må være avklart. |  |                                     |
| Prioritert tiltak | Denne planen synleggjer tiltak for immateriell kulturarv. | Oppdatere og vedlikeholde rutine for foto, film og lyd   | Fastsette rutine for minneintervju.   | Oppdatere og vedlikeholde rutine for foto, film og lyd | Fastsette rutine for minneintervju. |

### Berekraftig drift av institusjonen

|                   | Klima og miljø   | Universell utforming  | Tid, kompetanse og arbeid   | Økonomi   |
|-------------------|--|---|---|---|
| Utfordring        | Sikre at samlingene held seg til æva.                                | Foto-, lyd- og videofiler er i for liten grad i tråd med retningslinjer for uu. | Det er stort arbeidspress og etterslep på samlingsområdet.  | Noko av samlingsarbeidet krev nytt utstyr og nye programlisensar.         |
| Prioritert tiltak | Ompakking, fjerning av bindersar og liknande. Sikring av alle arkiv. | Rutine for metadata og registrering av foto, lyd og video.                      | Absolutt inntaksstopp frå 1.1.2023 til publisert-talet for museums-samlingane er minst 50 prosent.<br><br>Avgrensa inntaksstopp fram til samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur er fastsett. | Budsjettere med eventuelle investeringar for samlingsforvaltning kvart år |

### B Status og tiltak for anlegg

#### B-1 Samlingsutvikling: Samlingsdokumentasjon per 1.9.2022

| Kategori                     | Restansar  | Tilfredsstillande registrert | Digitalisert | Tilgjengeleggjort på internett |
|------------------------------|------------|------------------------------|--------------|--------------------------------|
| Kunsthistoriske gjenstandar  | Ca. 50     | 152                          | 152          | 145                            |
| Kulturhistoriske gjenstandar | Ca. 400    | 7 304                        | 914          | 852                            |
| Naturhistoriske gjenstandar  | 2          | 520                          | 520          | 520                            |
| Fotografi                    | Ca. 500    | 456                          | 688          | 426                            |
| Kulturhistoriske bygningar   | 0          | 5                            | 5            | 4                              |
| Arkiv                        | Ca. 20     | 0                            | 0            | 0                              |
| Bibliotek (bøker)            | Ca. 15 000 | 15822                        |              |                                |

|  | Museum: Digitalisering og publisering | Museum: Registrering | Arkiv | Bibliotek |
|--|---------------------------------------|----------------------|-------|-----------|
|--|---------------------------------------|----------------------|-------|-----------|

|                   |   |   |  |  |
|-------------------|---|---|--|--|
| Utfordring        | Over 6 000 museumsgjenstandar er ikkje digitalisert og publisert.   | Ca. 1 500 objekt er ikkje teke inn/ registrert.   | Ingen er registrert.   | Hauge- og Gjestvang-samlingane er ikkje tilgjengelege for søk for eksterne, og avtalane om Gjestvang-samlinga er uklare.         |
| Prioritert tiltak | Digitalisere og publisere museumsobjekt som er utstilt (boksamlinga i Aasentunet, boksamlinga ved Hagesenteret, andre objekt) | Registrere, digitalisere og publisere museums-restansane ved Hagesenteret og i Aasentunet | Registrere og publisere seinaste inntak først (Terje Aarset, VTB, Nerbøvik, Handagard) | Overføre katalogane for Hauge-samlingane til Alma, og gjere tilsvarande for Gjestvang dersom vi framleis skal forvalte samlinga. |

## B-2 Samlingsutvikling: Avtalar og rettar

Museumssamlingar, inkludert foto.

*Einskildgjenstandar som er kjøpt eller gitt til NK, og eigartilhøva er klare, er ikkje omtalte her.*

| Samling                                     | Avtale                                 | Type avtale               | Avtale går ut | Merknader   |
|---|--|---------------------------|---------------|---|
| Olav H. Hauge-samlinga                      | JA                                     | Deponi                    | 2033          | Olav H. Hauge-stiftinga   |
| Odd E. Nerbø-fotosamling                    | JA                                     | Overføring til NK         |               |   |
| Bodil Cappelen-gåver                        | JA                                     | Overføring til NK         |               |   |
| Aasens dødsbu (samling ved Sunnmøre museum) | JA                                     | Overføring til NK         |               |   |
| Norsk Allkunnebok-fotoarkiv                 | Uklar proveniens for delar av samlinga | Overføring til NK         |               | Samlinga vart funne i Victoria Terrasse (Utanriksdepartementet). Avtale med Nasjonalbiblioteket om at me kunne digitalisere samlinga. |
| Vinjestoga med samlingar                    | JA                                     | Deponi                    | 2025          | Vinje kommune er eigar. Vest-Telemark Museum har ansvar for forvaltninga og NK for formidlinga.                                       |
| Delar av Gamletunet i Aasentunet            | JA                                     | Feste                     | 2049          | Viti (musea på Sunnmøre) Gjeld stabburet og steinhuset. NK har vedteke å greie ut å endre eigedomstilhøva.                            |
| Gamlemuseet og Smia                         | JA                                     | Overføring til NK         |               |   |
| Norsk Målungdom                             | UKLART                                 | Overføring til NK         |               | Avtale under arbeid, og vil hamne på «JA» i løpet av 2022.  |
| Innlån/ deponi Vinjestoga                   | UKLART                                 | Deponi                    |               | Trengst avklaringar   |
| Kunstsamlinga                               |  | Primært eige, noko deponi |               |   |

## Arkivsamlingar

*Internarkivet og materiale samla inn sjølve, som til dømes munnlege minne, er ikkje omtalte her.*

| Samling              | Avtale | Type avtale | Avtale går ut | Merknader   |
|----------------------|--------|-------------|---------------|---|
| Peder Hovdan-arkivet | JA     | Deponi      |               | Det Norske Samlaget. Arkivet er under ordning. Det trengst ein ny og meir konkret avtale etter at |

|                                   |                      |                   |  |  |
|-----------------------------------|----------------------|-------------------|--|--|
|                                   |                      |                   |  | Aure-samlinga er tilbake på Nasjonalbiblioteket  |
| Handagard-arkivet                 | JA                   | Overføring til NK |  |  |
| Aasen-handskriftene (Djupedal)    | JA                   | Overføring til NK |  | Proveniensen er noko uklar, og Nasjonalbiblioteket hevdar framleis at det er deira eigedom.                          |
| Jostein Nerbøvik-arkivet          | JA, men sjå merknad. | Overføring til NK |  | Delar av arkivet har uklar proveniens (Riste- og Austlid-arkiva), og kan vere materiale andre eig og har rettar til. |
| Kjell Haugland-arkivet            | UKLART               | Overføring til NK |  | Manglar noko dokumentasjon og klar avtale, men er stadfesta at er vårt.  |
| Ivar Aasen-året 1996              | JA                   | Overføring til NK |  |  |
| Dei nynorske festspela (-2000)    | JA                   | Overføring til NK |  |  |
| Ivar Aasen-museet (-2000)         | JA                   | Overføring til NK |  |  |
| Jens Kåre Engeset-arkiva          | JA                   | Overføring til NK |  |  |
| Ottar Grepstad-arkiva             | JA                   | Overføring til NK |  | Arkiva er ikkje ferdig ordna.  |
| Terje Aarset-arkivet              | UNDER ARBEID         | Overføring til NK |  |  |
| Vest-Telemark Blad-arkivet        | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Arkiva er ikkje ordna, og det manglar avtale.  |
| Lyngnes-avklaret                  | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Manglar avtale   |
| Eirik Vandvik-arkivet             | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Finst berre eit takkebrev til Journn Vandvik Johnsen, inga avtale  |
| Anders Hovden-samlinga            | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Delar er bibliotekssamling   |
| Sidsel Merete Skjelten-arkivet    | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Journalført e-post-korespondanse, men inga avtale  |
| Mållovsarkivet                    | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Finn ikkje takkebrev, avtale, journalføring  |
|                                   |                      |                   |  |  |
| Ottar Grepstad-diverse arkiv      | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Delvis dekka av avtale med Grepstad  |
| Hovdebygda ungdomslag-            |                      |                   |  |  |
| Studentmållaget i Volda 1972-1981 | UAVKLART             | Overføring til NK |  | Finn ikkje takkebrev, avtale, journalføring  |

### Biblioteksamlingar

Einskildbøker er ikkje med.

| Samling                | Avtale | Type avtale       | Avtale går ut | Merknader  |
|------------------------|--------|-------------------|---------------|--|
| Djupedal-samlinga      | JA     | Overføring til NK |               |  |
| Gjestvang-samlinga     | JA     | Overføring til NK |               | Avtalen er uklar, då avtalen er med Vinje kommune og ikkje direkte med Gjestvang. Vi er i dialog med kommunen for å eventuelt overføre samlinga tilbake til dei. |
| Henrik Rytter-samlinga | JA     | Overføring til NK |               | Delar er museum, må ha gjennomgang   |

|                           |          |                   |  |                |
|---------------------------|----------|-------------------|--|----------------|
| Dag og Tid                | JA       | Overføring til NK |  |                |
| Norsk målførearkiv (gåve) | JA       | Overføring til NK |  |                |
| Bjarne Slaggard-samlinga  | UAVKLART | Overføring til NK |  | Manglar avtale |

|                   | Museum: Avtalar   | Arkiv: Avtalar   |
|-------------------|---|--|
| Utfordring        | Det manglar avtalar for delar av samlingane   | Det manglar avtalar for delar av samlingane                      |
| Prioritert tiltak | Alle museums-samlingar skal ha avtalar som gir NK rett til å disponere samlingane vidare. | Alle arkiv skal ha avtalar før dei vert registrert og publisert. |

### B-3 Samlingsutvikling: Frivillig arbeid

NK har berre brukt frivillige til sporadisk og lite strukturert arbeid med samlingsforvaltning så langt. Det har vore avgrensa til svar på enkle spørsmål om einskildobjekt eller samlingar.

|                   | System for foto   | Venelag og andre vener   | Transkribering   |
|-------------------|---|--|--|
| Utfordring        | Etablere system   | Manglar oversyn over relevante oppgåver for venelaga   | Tekstane og lydfilene er ikkje tilgjengelege for at frivillige kan bidra til dette og det manglar rutinar og rettleiing for utføring av arbeidet |
| Prioritert tiltak | Rekruttere frivillige via Noregs Ungdomslag, Noregs Mållag og Norsk Målungdom | Venelaget Olav H. Hauge og Vener av Vinjesenteret vert førespurd om relevante samlingsoppgåver som frivillige. | Hovdan-protokollen og minneintervju blir lagde til rette for transkribering  |

### B-4 Samlingsutvikling: Samordning, samarbeid, tilvekst og avhending

#### Våre egne samlingar

NK har ei museumssamling, der samlingane etter Hauge- og Aasen-samlingane utgjer om lag 80 prosent av samlingane. Bøker utgjer mesteparten, og nokre av desse har viktige notat og kommentarar for forståinga av verka til desse to forfattarane. Største delen av det gjenståande er ei sporadisk samling av bruksgjenstandar og bruksgrafikk frå nynorsk skriftkultur, foto frå Norsk Allkunnebok, foto etter Bodil Cappelen og Odd E. Nerbø av Olav H. Hauge og 150 kunsthistoriske gjenstandar.

Arkiva består primært av personleg skapte privatarkiv som på ulike vis dokumenterer nynorsk skriftkultur. I hyllemeter utgjer Jostein Nerbøvik-arkivet, Idar Handagard-arkivet, Peder Hovdan-arkivet og arkivet etter Vest-Telemark Blad dei største arkiva.

Fag- og forskingsbiblioteket har samlinga etter Reidar Djupedal (i Aasentunet) som ryggrad. Det vert elles kjøpt inn relevant fag-, forskings- og formidlingslitteratur for vårt eige arbeid. Med tanke på mangfald ber samlingane preg av tida dei dokumenterer. Både arkivskaparar og opphavspersonar til museumsgjenstandar er primært menn. Blant fotografia er storparten av dei som er avbilda, menn. Dette kan jamne seg litt ut når me får registrert fotografia i Norsk Målungdom-samlinga. Blant arkivskaparane er det berre éi kvinne. Av ca. 100 kunsthistoriske gjenstandar som ikkje har falle i det fri er om lag sju av ti biletkunstnarar menn og tre av ti kvinner.

#### Andre aktørar

Det er ein heil del andre aktørar som dokumenterer nynorsk skriftkultur. Mykje vert gjort gjennom pliktavleveringa til Nasjonalbiblioteket. Andre ABM-institusjonar har sentrale

samlingar og arkiv. Det finst ikkje noko samla strategi eller oversyn som sikrar bevaring og formidling av den nynorske skriftkulturen i norsk kulturarv.

### Tilvekst

Den største tilveksten i førre periode har vore Noregs Målungdom-samlinga, Jostein Nerbøvik-arkivet, Idar Handegard-arkivet og biblioteksamlinga Gjestvang-samlinga. Elles er det gjort mindre inntak til både arkiv, bibliotek og museum. Me har trappa opp samtidsdokumentasjonen, då særleg munnlege minne.

### Avhending

Fagbiblioteket avhender kvart år bøker som ikkje er relevante for samlings- og forskingsarbeidet (etter gjeldande avhendingsprosedyrar). Dette gjeld einskilde titlar og ikkje bøker frå samlingane. Elles er det ikkje avhendingar. Ved gjennomgang av samlingar og arkiv er det fjerning av nokre dubletter.

### Inn- og utlån (museumssamlingane)

Det er rutinar for inn- og utlån av samlingar. NK har mest innlån, og då til utstillingane i Vinje og Ørsta.

|                   | Samlingsstrategi og samhandling   | Inntaksregulering  | Revisjon, evaluering, deaksjon, avhending                         | Tilvekst   |
|-------------------|---|--|---|--|
| Utfordring        | Det manglar ein samla strategi for innsamling av materielle og immaterielle minne for nynorsk skriftkultur. | Det er mykje arbeid med digitalisering og kontroll over eigne samlingar. | Det manglar rutinar.  | Etterslepet på registrering og digitalisering må takast att.                         |
| Prioritert tiltak | Arbeide med samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur   | Etablere samlingsråd som avgjer inntak, avhending, prioritering mv.      | Fastsette rutinar for revisjon, evaluering, deaksjon og avhending | Prioritere berre planlagt samtidsdokumentasjon fram til andre strategiar er på plass |

## **B-5 Samlingsutvikling: Samtidsdokumentasjon og immateriell kulturarv**

Nynorsk kultursentrum har teke til med ei meir systematisk samla inn munnlege minne om nynorsk skriftkultur, og har i starten av 2022 samla inn 15 minneintervju frå sentrale aktørar for nynorsk skriftkultur. Tidlegare har det sporadisk vore samla inn minne og vore gjennomført intervju med slike personar. Til no er det i hovudsak samla inn minne frå aktørar som har hatt verv eller arbeid hjå større nynorskorganisasjonar.

Til no har ikkje NK utvikla system for eller gjennomført systematiske innsamlingar av minne frå folk flest. Organisasjonen har vurdert ulike alternativ, som til dømes tenesta minner.no, men ikkje konkludert kva slike tenester som kan nyttast til å samle inn tekst, video og foto som dokumenterer nynorsk i kvardagen.

Fram til ca. 2016 samla Nynorsk kultursentrum periodevis inn bruksgrafikk med nynorsk tekst. Den vesle samlinga vår av denne typen materiale er i hovudsak matemballasje frå større og mindre produsentar som brukar nynorsk.

Nynorsk kultursentrum tok i år 2000 over dokumentasjonsprosjektet Ottar Grepstad har gjort for Nynorsk forum: *Nynorsk faktabok*, frå 2010: *Språkfakta*. 2020-utgåva vart gitt ut på Bokbyen forlag, men NK har seinare kjøpt rett til å bruke og utvikle materialet. Det er også

utvikla bibliografiar over A.O. Vinje, Ivar Aasen, Olav H. Hauge og debutantar på nynorsk og dialekt av tilsette i stiftinga. Det har også vore publisert rapportar om språk i valprogram på stortinget og i fylkestinget og om den regionale stoda for nynorsk skriftkultur.

Arbeidet Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, gjer med immateriell kulturarv er tett integrert i samlings-, forskings- og formidlingsarbeidet, og dekkja gjennom andre kapittel. Særleg er dokumentasjonen vår av immaterielle og munnlege delar av nynorsk skriftkultur sentralt for institusjonen.

|                   | Foto   | Statistisk dokumentasjon  | Minneintervju                       | Immateriell kulturarv   |
|-------------------|--|---|-------------------------------------|---|
| Utfordring        | Rekruttere frivillige til samtidsdokumentasjon.              | Avgjere kva som er relevant statistikk å samle inn og formidle.   | Gjennomføre minneintervju kvart år. | Sikre immateriell kulturarv om språk.   |
| Prioritert tiltak | Lage rettleiar og inspirasjon til samtidsfoto frå frivillige | Velje kriterium for relevant statistisk informasjon for 16-åringen og til planlagde formidlings- og forskingsprosjekt.<br><br>Rutine for innsamling og oppdatering. | Minst 5 minneintervju i året.       | Dokumentere målrørsle-arbeid gjennom minneintervju.<br><br>Synleggjere immaterielle sider ved språkleg kulturarv gjennom minst 1 årleg arrangement på kvar arena. |

## B-6 Samlingsivaretaking: Sikring og bevaring

Oppbevaringstilhøva for samlingane er gode, også i utstillingsareal. Det er god praksis for kontroll av fukt, lys og temperatur, men lite er skriftleggjort som rutinar. Det har vorte gjort grep som har redusert rot og oppbevaring av anna materiale saman med samlingane. Det gjer kontrollen betre over tid. Klimaanelgga er utskifta i 2020 (Aasentunet) og 2021 (Haugesenteret og Vinjesenteret).

Det er behov for ein eigen og permanent stad å ha gjenstandar i Aasentunet medan dei vert fotografert, registrert med meir, for å redusere handteringa og sikre bibliotekarealet tilgjengeleg for anna bruk.

NK har ingen eigen teknisk konservator-kompetanse, men hentar inn frå fellestenester og Nasjonalbiblioteket. Det kan vere behov for å gjere dette meir rutinemessig og jamt, men kontrollane som har vore har ikkje synt større manglar i bevaringsarbeidet. Over tid kan det vere behov for å auke kompetansen internt innan bevaring gjennom t.d. kursing.

Kulturmiljøet i Aasentunet fekk ei større skade ved hogging, slik at ein del av resten av vegen gjennom tunet ikkje lenger er intakt. Utover det er bruk av geiter i sommarsesongen og årleg vedlikehald med på å sikre landskapet.

Det er praksis og rutinar for digital bevaring i institusjonen, men det er behov for å auke kompetansen på dette området.

|            | Risiko, restverdisikring og redning | Oppbevarings-tilhøve                 | Kompetanse på bevaring     | Rutinar og prosedyrar |
|------------|-------------------------------------|--------------------------------------|----------------------------|-----------------------|
| Utfordring | Manglar rutine.                     | Manglar rutine og intern kompetanse. | Manglar intern kompetanse. | Manglar prosedyrar.   |

|                   |  |  |  |   |
|-------------------|--|--|--|---|
| Prioritert tiltak | Vedta rutine for restverdisikring og redning for kvar arena. | Årleg gjennomgang med konservatorjeneste | Årleg gjennomgang med konservatorjeneste | Fastsetje rutinar for sikring og bevaring for kvar arena. |
|-------------------|--|--|--|---|

## B-7 Samlingsivaretaking: Kulturhistoriske bygningar

Per 31.12.2021 er alle bygg me forvaltar og formidlar vurdert etter standardane for tilstandsgrad.

| Bygg                      | Tilstandsgrad |
|---------------------------|---------------|
| Vinjesenteret: Vinjestoga | TG1           |
| Aasentunet: Gamlemuseet   | TG1           |
| Aasentunet: Steinhuset    | TG1           |
| Aasentunet: Stabburet     | TG1           |
| Aasentunet: Smia          | TG1           |

|                   | Vinjestoga  | Gamlemuseet                            | Stabburet                              | Smia                                   | Steinhuset                             |
|-------------------|---|--|--|--|--|
| Utfordring        | Er ikkje publisert på DM, manglar skriftleg rutine for sikring. | Manglar skriftleg og fast gjennomgang. |
| Prioritert tiltak | Publisere på Digitalt museum<br>Årleg gjennomgang med VTM       | Årleg gjennomgang med ekstern aktør    |

## C Tiltaksliste basert på måla

### Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

| Nr | Tema         | Mål/ tiltak  | Ansvar                                    |
|----|--------------|--|---|
| 1  | Samling      | Minst 130 objekt blir publisert i Digitalt museum kvar månad.  | Forsking og samling                       |
| 2  | Arkiv        | Registrere og publisere arkivnøklar for minst 2 arkiv i året.  | Forsking og samling                       |
| 3  | Samtid       | Transkribere og publisere minne-intervju slik at restansane ikkje aukar.                                       | Forsking og samling                       |
| 4  | Samling      | Gjennomføre minst 5 minneintervju i året.  | Forsking og samling                       |
| 5  | Samtid       | Rekruttere frivillige gjennom NMU, NM og NU til fotodokumentasjon  | Forsking og samling                       |
| 6  | Planlegging  | Budsjettere med eventuelle investeringar for samlingsforvaltning kvart år                                      | Forsking og samling                       |
| 7  | Arkiv        | Alle arkiv skal ha avtalar før dei vert registrert og publisert.   | Forsking og samling                       |
| 8  | Samling      | Venelaget Olav H. Hauge og Vener av Vinjesenteret vert førespurd om relevante samlingsoppgåver som frivillige. | Forsking og samling                       |
| 9  | Konservering | Årleg gjennomgang av samlingane og samlingstilhøva saman med eksterne partar                                   | Forsking og samling                       |
| 10 | Rutine       | Oppdatere og vedlikehalde rutinane for samlingsforvaltning og samlingsutvikling                                | Forsking og samling                       |
| 11 | Rutine       | Oppdatere og vedlikehalde rutine for foto, film og lyd   | Forsking og samling                       |
| 12 | Samtid       | Oppdatere statistisk dokumentasjon som skal oppdaterast årleg.   | Forsking og samling                       |
| 13 | Immateriell  | Synleggjere immaterielle sider ved språkleg kulturarv gjennom minst 1 årleg arrangement på kvar arena.         | Arena Hauge<br>Arena Vinje<br>Arena Aasen |
| 14 | Bygning      | Årleg gjennomgang med VTM  | Arena Vinje                               |

|    |         |   |             |
|----|---------|---|-------------|
| 15 | Bygning | Årleg gjennomgang med ekstern aktør for kulturhistoriske bygningar i Aasentunet | Arena Aasen |
|----|---------|---|-------------|

### Tiltak gjennom perioden

*Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.*

| Nr | Tema        | Mål/ tiltak  | Ansvar              |
|----|-------------|--|---------------------|
| 1  | Samling     | Alle museums-, arkiv- og biblioteksamlingar skal ha avtalar som gir NK rett til å disponere samlingane vidare.   | Forsking og samling |
| 2  | Ivaretaking | Vedta rutine for restverdisikring og redning, sikring og bevaring for kvar arena.  | Forsking og samling |
| 3  | Samling     | Innføre samlingsforum (inntakskomiteé)   | Forsking og samling |
| 4  | Samtid      | Etablere teneste for levering av dokumentasjonsfoto.   | Forsking og samling |
| 5  | Samling     | Inntaksstopp frå 1.1.2023 til publisert-talet for museums-samlingane er minst 50 prosent. Einaste unntaket er samtidsfoto og minneintervju etter denne planen.                         | Forsking og samling |
| 6  | Samling     | Avgrensa inntaksstopp frå publiseringsgraden er 50 prosent og fram til samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur er fastsett. Unntak for mindre inntak kan avgjerast av samlingsforum. | Forsking og samling |
| 7  | Samtid      | Fastsetje rutine for minneintervju.  | Forsking og samling |
| 8  | Samtid      | Lage rettleiar og inspirasjon til samtidsfoto frå frivillige   | Forsking og samling |
| 9  | Samtid      | Velje kriterium for relevant statistisk informasjon for 16-åringen og til planlagde formidlings- og forskingsprosjekt  | Forsking og samling |
| 10 | Samtid      | Finne løysing for tilfredsstillande publisering og transkribering av minneintervju.  | Forsking og samling |
| 11 | Samling     | Digitalisere og publisere museumsobjekt som er utstilt (boksamlinga i Aasentunet, boksamlinga ved Haugesenteret, andre objekt)   | Forsking og samling |
| 12 | Bibliotek   | Overføre katalogen for Hauge-samlinga til Alma   | Forsking og samling |
| 13 | Bygning     | Publisere Vinjestoga på Digitalt museum  | Forsking og samling |
| 14 | Samling     | Fastsette rutinar for revisjon, evaluering, deaksjon og avhending  | Forsking og samling |
| 15 | Samling     | Registrere, digitalisere og publisere museums-restansane ved Haugesenteret og i Aasentunet   | Forsking og samling |
| 16 | Samling     | Registrere og publisere seinaste inntak til arkiva først (Terje Aarset, VTB, Nerbøvik, Handagard)  | Forsking og samling |
| 17 | Arkiv       | Etablere rutine for metadata og registrering av foto, lyd og video.  | Forsking og samling |
| 18 | Samtid      | Rutine for innsamling og oppdatering av statistisk informasjon   | Forsking og samling |
| 19 | Samling     | Etablere nasjonal samlingsstrategi for nynorsk skriftkultur  | Forsking og samling |
| 20 | Samling     | Etablere rutine for bevaring av digitale samlingar.  | Forsking og samling |
| 21 | Arkiv       | Hovdan-protokollen og minneintervju blir lagde til rette for transkribering  | Forsking og samling |
| 22 | Sikring     | Ompakking, fjerning av bindesar og liknande. og sikring av alle arkiv.   | Forsking og samling |